



Hå kommune

Etat for tekniske saker og næring

Det kongelige Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007, Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
10/10016 OMT

Arkivkode

Dato
10.05.2010

Melding om vedtak - Forslag om innføring av forbod mot nydyrking av myr

Formannskapet i Hå behandla i møte 3. mai 2010 Landbruks- og matdepartementet sitt forslag om innføring av eit forbod mot nydyrking av myr. Fylgjande vedtak vart fatta i saka:

- Hå kommune går imot innføring av eit forbod mot nydyrking av myr.
- Departementet sitt forslag om innføring av forbod mot nydyrking av myr er altfor drastisk. Forbodet skal gjelde over heile landet og for all framtid.
- Eit forbod mot nydyrking vil redusere bøndene sine moglegheiter til å utvide driftsgrunnlaget deira. Forbodet mot nydyrking står også i sterk kontrast til departementet si målsetting om større landbrukseigedomar.

Med helsing
Hå kommune

Olav Magne Tonstad
jordbrukssjef



Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
067/10	Utval for tekniske saker og næring	20.04.2010
028/10	Formannskapet	04.05.2010

Saksbehandlar: Olav Magne Tonstad
Sak - journalpost: 10/488 - 10/7226

Forslag om innføring av forbod mot nydyrking av av myr

Rådmannen si innstilling:

- Formannskapet i Hå går inn for eit forbod mot nydyrking av myr.
- Føresetnaden er at departementet må gje erstatning og kompensasjon til grunneigarar som ikkje får utnytte myrarealet på eigedomane sine.

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet har i brev datert 17. februar 2010 sendt på høyring eit forslag om endringar i Forskrift om nydyrking. Forslaget går ut på å forby nydyrking av myrjord. Høyringsfristen er 30. april 2010. Etter at høyringsperioden er over skal departementet utarbeide endeleg forslag til endringar av nydyrkingsforskrifta.

Forbodet mot nydyrking av myr vert sendt ut samstundes med at det same departementet har til behandling eit forslag om å innføre ein heimel om lovfesta jordvern.

I dag er det kommunane som behandlar og fattar vedtak i saker om nydyrking. Fylkesmannen er klageinstans. I samband med behandling av søknader om nydyrking av myr, vert søknaden ofte sendt på høyring til fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Forbodet skal gjelde myrareal over 2 dekar og med minst 30 cm tjukt torvlag. Forbodet vil ramma ca 2,5 millionar dekar dyrkbar myrjord i heile landet. I Nord-Noreg er det store samanhengande myrareal. Denne landsdelen vil bli hardt ramma av dette forbodet. Men også i andre delar av landet er det betydelege areal med myrjord, mellom anna i Oppland og Hedmark.

Forbod mot nydyrking av myr vil vere eit viktig tiltak for å redusera utslepp av klimagassen CO₂. I fylgje klimaekspertane vil forbodet mot dyrking av myr vere eit lønsamt klimatiltak. Forbodet mot nydyrking vil redusera det årlege utsleppet av CO₂ med ein prosent. Årleg vert det dyrka om lag 1000 dekar myrjord i Noreg. Staten tek ikkje sikte på å betala grunneigarane erstatning for den myrjorda som bøndene ikkje får lov til å dyrke. På denne måten vil derfor staten spare pengar på dette klimatiltaket.

Gjeldande nydyrkingsforskrift inneheld også strenge reglar for å hindra dyrking av myrar, men då ut frå grunngjevinga om å verna om det biologiske mangfaldet som finst i myrjord og fuktige areal.

Mange bønder risikerer med dette forbudet ikkje å få dyrke meir jord, utan at dei får erstatning for dette. Skal dei utvide produksjonen, må dei skaffe seg jord på annan måte.

Nydyrking av myr fører alltid til eit betydeleg utslepp av klimagass i fleire år etter at nydyrkinga er ferdig. Nedbryting av organisk materiale fører til at nitrogen vert frigjeve. Ein del av nitrogenet vil lekka ut som lystgass.

Det er særleg viktig å unngå dyrking av djupe myrar, fordi desse inneheld meir karbon. I neste omgang vil nydyrking av djupe myrar føre til at dei vil sleppe ut meir klimagassar i høve til grunne myrar.

Forslaget inneber også at gjenoppdyrking av jordbruksareal som har lege unytta i over 20 år, eller som på grunn av manglande vedlikehald av grøfting har gått over til å bli myr igjen, skal reknast som nydyrking. I dag er denne grensa på 30 år.

Vurdering:

Myrjorda på Jæren har i dag eit sterkt vern. På grunn av omsynet til det biologiske mangfaldet er det vanskeleg å få løyve til nydyrking av myr. Det gjeld myrjord både på Låg-Jæren og på Høg-Jæren. Om lag 8 prosent av arealet i kommunen er verna gjennom Jærstrendene landskapsvernområde og Synesvarden landskapsvernområde og andre verneområde. Dei siste åra er lite myrjord blitt oppdyrka. Men det er framleis mykje dyrkbar myr igjen i kommunen.

Rådmannen meiner at det er eit drastisk skritt å forby all nydyrking av myr. Men rådmannen innser at det vil verta vanskeleg å oppnå eit vern av viktige myrområde utan å innføre eit strengt vern eller forbod. Med gjeldande regelverk kan det vere vanskeleg å hindre oppdyrking av verdifulle myrareral når omsynet til restbiotopar og biologisk mangfald skal vegast opp mot omsynet til *"å styrke driftsgrunnlaget for driftsenheten, og om nydyrkingstiltaket legger til rette for driftsmessig gode løysningar."* (§ 5 i forskrift om nydyrking).

Dersom vi meiner at klima og miljø er viktig, må det nødvendigvis få konsekvensar for måten vi forvaltar desse areala på. Rådmannen støttar derfor departementet sitt forslag om å forby all nydyrking av myr. Førsetnaden er at bøndene får full kompensasjon for det arealet dei ikkje får dyrke opp.

Rådmannen meiner at regjeringa må verta langt meir offensiv når det gjeld erstatningar og kompensasjon til grunneigarar som ikkje får utnytte areala på eigedomane sine. Det vil verta mykje enklare å innføre vern dersom bøndene får kompensasjon for redusert råderett over eigen eigedom. Rådmannen meiner at bøndene har krav på dette.

Rådmannen har med interesse merka seg at den norske staten investerer for milliardar i utanlandske aksjar, medan den same staten ikkje prioriterer kompensasjon og erstatning for bønder som mistar råderett over eiga jord.

Vedlegg:

1 Høring - Forslag om endreinger i FOR-1997-05-02-423- Forskrift om nydyrking